

Kommuneplanen sin samfunnsdel
2024-2036
Høringsversjon

1 Forord

Forord - Surnadal kommune mot 2036

Surnadal kommune skal også i framtida vere ein god kommune å leve og bu i. Gjennom kommuneplanens samfunnsdel skal vi ta strategiske val for utviklinga i kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon fram mot 2036. Dette er ei overordna plan som skal gi føringar for den kommunale aktiviteten og dei andre planane i kommunen.

Framover veit vi at kommune-Norge står framfor store utfordringar:

- Eldrebølgen er her og kommunane slit med å rekruttere personell
- Klimaendringane er vår tids største utfordringar. Å redusere klimagassutslepp og ta vare på naturen og det biologiske mangfaldet, vil bli ei stor oppgåve. Vi skal gjere vårt for å omstille oss i berekraftig retning saman med innbyggjarane.
- Demokratiet er under press i fleire land. I ei meir uroleg verden vil samfunnstryggleik og beredskap kreve store nasjonale ressursar og påverke den kommunale beredskapen.

Planen vil vere ein nyttig reiskap for å takle desse utfordringane, med satsingsområde som reflekterer dette.

Nasjonale forventningar og dei tre berekraftdimensjonane sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, ligg til grunn for val av seks satsingsområde. Satsingsområda har eigne hovudmål og strategiar. Slik trekker vi tydelege linjer mellom våre mål og strategiar og FN's berekraftsmål. I tillegg har vi kapittel om arealstrategi og samarbeid.

Samfunnsdelen er denne gongen tilpassa planverktøyet og budsjettverktøyet i Framsikt. Vi har derfor godt håp om at vi framover vil kunne skape og dra nytte av ein raud tråd mellom samfunnsdelen og kommunens økonomiplan og budsjett.

Kommuneplanens samfunnsdel skal i tråd med plan- og bygningsloven sin §10-1 vurderast rullert kvart 4. år under utarbeidinga av ny planstrategi.

2 Utfordringar og føringar for 2024 - 2036

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og består av to delar. Samfunnsdelen gir retning for den langsiktige utviklinga av Surnadals-samfunnet (12 år), både kommunen som organisasjon og for samfunnet som heilheit. Planen viser også satsingsområda som skal ha spesiell prioritet i valperioden. Arealdelen er styrende for korleis areala i kommunen skal brukast.

Planprosessen


Surnadal kommune sin gjeldande samfunnsdel vart vedteke i 2020. Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for samfunnsdelen vart vedteke av kommunestyret 14.02.24. Sjølv om kommunen

hadde ein forholdsvis ny samfunnsdel, var det eit ønske om at nytt kommunestyre skulle kunne vedta politiske satsingar for valperioden. Det vart og peika på at rulling av samfunnsdelen ville gi oss mulegheita til å tilpasse planens struktur til planmodulen i Framsikt.

Det vart ikkje vedteke å rullere heile arealdelen i valperioden, men det vart peika på enkelttema som er aktuelle for ei rulling.

Tema- og sektorplanar

Temaplanar innafor ulike område er underordna samfunnsdelen. I desse planane blir det utvikla detaljerte mål, strategiar og tiltak. Planane er nødvendig for kommunen si drift, forvaltning og tenesteyting. Desse planane er eit viktig bindeledd mellom samfunnsdelen og økonomiplanen. Det er økonomiplanen som fungerer som kommuneplanens handlingsdel. Gjennom planmodulen i Framsikt ønsker vi å sikre ein god samanheng mellom samfunnsdelen, temaplanar og økonomiplanen. Dette vil gi eit godt grunnlag for økonomistyring og rapportering.



Viktige føringar

FN har vedteke 17 utviklingsmål for å fremme sosial, miljømessig og økonomisk berekraft på verdensbasis.

Samfunnsdelens satsingsområde har ei tydeleg forankring i FNs berekraftsmål og dei tre dimensjonane sosial, klima- og miljømessig og økonomisk berekraft. Dette skal sikre ei god utvikling til beste for den enkelte, for samfunnet og for kommande generasjonar på ein slik måte at utviklinga imøtekjem dagens behov utan å øydelegge for framtidige generasjonar.

[Gjennom Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) har regjeringa forplikta Norge til å arbeide for å nå desse måla og bestemt at alle kommunar i Norge må ta stilling til berekraftsmåla i si planlegging. Regjeringa legg vekt på fem hovudområde på bakgrunn av dei mest aktuelle berekraftsmåla og regjeringas prioriteringar for korleis aktuelle utfordringar på områda kan møtast gjennom den regionale og kommunale samfunns- og arealplanlegginga:

- Samordning og samarbeid i planleggingen
- Trygge og inkluderende lokalsamfunn
- Velferd og bærekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for fremtiden
- Samfunnssikkerhet og beredskap

Målretta arbeid for ei berekraftig utvikling er ikkje nytt for Surnadal kommune, og FNs berekraftmål låg også til grunn i kommuneplanen frå 2020. Alle dei 17 berekraftmåla er viktige, og under kvart satsingsområde er det vist kva berekraftmål som bygger opp under dei nedfelte måla.



Kommunen som samfunnsutviklar handlar også om langsiktig arealbruk, utbygging av infrastruktur, stads- og sentrumsutvikling, næringsutvikling og miljø. Gjennom planverket og andre tiltak skal kommunen skape gode levekår og velferdstenester for innbygarane.

Utviklingstrendar og utfordringar vi kan møte fram mot 2032

Globale trendar

Globale megatrender som påverkar oss. Gjennom plansamarbeidet for kommunane på Nordmøre (Aure, Averøy, Gjemnes, kristiansund, Smøla, Sunndal, Surnadal og Tingvoll) blei det i samband med [Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for kommunen sin samfunnsdel 2024-2036](#) sett på globale utviklingstrekk som påverkar oss:

Digitalisering

Vi blir alle eldre, vi får færre barn enn nokon gong, og vi kjem til å få eit trongare økonomisk handlingsrom framover. Vi kan ikkje fortsette å overforbruke naturressursar, men må heller klare å gjere meir ut av mindre. Det meste av framtidig effektivisering, utvikling og verdiskaping basere seg på digital teknologi (sjå [Ny nasjonal digitaliseringsstrategi](#))

Kunstig intelligens (KI) er ein teknologi der maskiner meir enn nokonsinne kan utføre eller støtte oppgåver menneske i dag utfører. Dette vil også få stor betydning for offentleg sektor (sjå [Nasjonal strategi for kunstig intelligens](#)).

Globalisering

Globalisering er eit samleuttrykk for ei rekke drivkrefter. Politisk styring, nasjonal økonomi og rettsordning blir påverka av krefter utanfor nasjonalstaten, og inneberer stadig nye rammevilkår for kommunane. For næringslivet inneber globalisering ein aukande grad av samhandling og integrasjon i eit felles system.

Krigen i Ukraina

Krigen i Ukraina har ført med seg fleire flyktningar til Norge. Busetting av flyktningar har ført til befolkningsvekst i kommunen i 2022 og 2023. Krigen i Ukraina har ført med seg meir finansiell ustabilitet, og den har skapt endringar i dei globale verdikjedene og høgare handelskostnader. [PSTs nasjonale trusselvurdering \(NTV\) 2024](#) meiner også at Russland kan sjå seg tent med å gjennomføre fysiske eller digitale sabotasjeaksjonar mot mål i Norge. Målet med ein eventuell sabotasjeaksjon vil vere å styrke Russlands posisjon i Ukraina-krigen.

Pandemien

I den siste planperioden var vi igjennom ein 2-årig global pandemi, som stengte ned samfunnet. Fire år etter at pandemien ramma, kan vi sjå tilbake på ein usedvanleg periode i nyare økonomisk historie (ifølge [Økonomisk overblikk/NHO](#)) Den globale nedturen i pandemiens første fase var den djupaste i etterkrigstida, men også ein av dei kortaste. Frykta for langvarig høg ledigheit og "arrdanningar" i arbeidsmarknaden blei ganske raskt gjort til skamme. Jobbveksten var naturleg nok særleg sterk ut av pandemien, men sjølv i fjor vart det 1,3 prosent fleire sysselsette her i landet. Det er venta lågare vekst i år og neste år.

Naturtap og klimaendringar

Global oppvarming og tap av natur er den største miljøutfordringa verda står overfor. Som alle land er Norge er forplikta til å kutte i utslepp av klimapåverkande gassar gjennom [Parisavtalen](#), som vart vedteke på FNs klimakonferanse i Paris i 2015. FNs naturavtale frå 2022 forpliktar oss til å ta vare på naturmangfaldet. Kvart land skal ha konkrete mål for vern og restaurering av natur. Surnadal kommune må ta sin del av det vi som nasjon er forplikta til og førebu oss på ein meir offensiv nasjonal naturvern- og klimapolitikk.

Urbanisering

Urbanisering er ein nasjonal og internasjonal trend, der ein stadig større del befolkninga på jorda bur i byar. I dag bur over halvparten av befolkninga i verda i byar, og innan 2050 er det venta at meir enn 3 milliardar menneske vil flytte til byar ([ifølge FN-sambandet](#)). Å oppretthalde eit desentralisert busettingsmønster krev at fleire blir buande eller flytter til distrikta. Større utflytting enn innflytting er også grunnen til befolkningsnedgangen her i kommunen dei siste tiåra.

Utviklingstrekk og utfordringar

Plan- og analyseavdelinga i fylkeskommunen har gjennom sine godt utarbeidde faktagrunnlag bidrege med å vise utviklingstrekk og utfordringar for Nordmøre på ein rekke område: Demografi, næringsgrunnlag, arbeidsmarknad og sysselsetting, kompetanse og utdanning, tilgjengelegheit og infrastruktur, bosetting, nabolag og sentrumsutvikling, boligbygging og bostedsstrategiske tiltak, klima og miljø, energi og krafttilgang, folkehelse, inkludering og integrering, innvandring, arealbruk og naturmangfald. Alt dette er grundig beskrevet i planstrategien. Under kvart satsingsområde i samfunnsdelen blir og desse temaa berørt med utgangspunkt i situasjonen i Surnadal kommune.

I 2021 blei alle kommunane i Møre og Romsdal kartlagt etter den internasjonale standarden U4SSC. U4SSC er med på å kartlegge kor godt kommunane innfrir berekraftmåla med å bruke måleindikatorar for berekraft. Gjennom denne kartlegginga har det peika seg ut seks område som kommunane bør jobbe med for å bli meir berekraftige. Disse seks områda er:

- Smart og berekraftig vass- og avløpssektor
- Fattigdom og sosial inkludering
- Sirkulærøkonomi
- Digitalisering i offentleg sektor
- Offentlege bygg og berekraftsertifisering
- Lokalmat og mattrygghet

Satsingsområde

Med bakgrunn i nasjonale forventningar og dei utviklingstrendar og utfordringar som kommunen står i er samfunnsdelen retta inn mot seks satsingsområde og ein arealstrategi. Dei seks områda erstattar

ikkje det breie og løpande arbeidet som vi har i tenesteproduksjonen vår, men viser både kva som skal ha serleg prioritet og nye område som det no er viktig at vi får innarbeidd gode rutinar for i vår forvaltning og tenesteproduksjon.

3 Trygge og inkluderende lokalsamfunn

Sosial berekraft handlar om å sette menneskelege behov i sentrum, og å gi sosial rettferdigheit og like livssjansar for alle. Gjennom livet har mennesket behov for både trygghet, tillit og passende utfordringar for å oppleve å meistre livet. Det betyr også at ein sjølv må få mulegheit for å lære og utvikle seg, få ansvar for og mulegheit til å skape og finne mening i livet sitt. Respekten for mennesket ligg i å involvere det i eit engasjert fellesskap med mulegheit for å utvikle kunnskap saman med andre.



Kor er vi i dag?

Betre levekår og folkehelse

God oversikt over helsetilstanden i befolkninga og ei god tilnærming til folkehelsearbeidet gjennom kommunal planlegging og tenesteyting, er ein føresetnad for å lukkast med å sikre sosial berekraft.

Auka trivsel er eit sentralt mål i dette arbeidet. For mange barn og unge er skulen ein viktig sosial arena. Trivsel på skulen er ein av ei rekkje av faktorar som påverkar elevanes motivasjon for å lære, og dermed deira evne til å meistre dei utfordringane skulekvardagen gir og hindre fråfall blant elevar i den vidaregåande skulen.

Trivsel er og viktig for eldre personar. Det må leggast til rette for møteplassar og aktivitetar for å unngå einsemd og psykiske problem, som angst m.m. Førebyggingsarbeid for å sikre funksjonsdyktige eldre er viktig, og det må også leggast til rette for at eldre kan bu lengst muleg heime eller i meir tilrettelagde eigna boligar. Kommunen sitt tilbod Friskliv og meistring er ein viktig del av dette.

Minkande økonomiske og personellmessige ressursar vil òg kreve at vi i aukande grad må satse meir på å førebygge helsemessige og sosiale problem framfor å behandle når problema har oppstått.

Det er ei nasjonal satsing på gang- og sykkelveggar i Norge og myndighetene ønskjer å legge til rette for auka bruk av sykkel som framkomstmiddel. Det er og viktig at det finst samanhengande gang/ og sykkelvegnett, slik at dei som sykklar kjenner seg trygge.

Nok og varierte bustader

Mangel på eigna bustader kan hindre rekruttering til både offentleg og privat sektor. Det er viktig at barn og unge har gode buforhold, at unge kan etablere seg på bustadmarknaden, tilflyttande arbeidstakarar har ein plass å bu, og at eldre og personar med funksjonsnedsetting har tilgang til eigna bustader med universell utforming. Utbygging av tilpassa bustader for eldre med fysisk nærheit til viktige funksjonar og tenester kan gjere det enklare og meir attraktivt for eldre å bli buande lenger i eigen bustad.

Integrering

Surnadal kommune har hatt ein auke i talet på innvandrarar. Arbeidsinnvandrarane kjem mest frå austlege Europa, mens mange flyktningar kjem frå Ukraina, afrikanske og asiatiske land. Integrering blir eit viktig innsatsområde i lokalsamfunnet, slik at alle får brukt ressursane sine til beste for seg og fellesskapen. Introduksjonsprogrammet, som inneheld både norskopplæring, samfunnskunnskap og tiltak som forbereder til vidare utdanning eller arbeid, er svært viktig.

Varierte møteplassar og tilbod

Turstiar og turløyper er viktige folkehelseiltak. Dersom vi legg til rette for turløyper og turstiar med bustad som utgangspunkt, kan vi bidra til å nå dei nasjonale måla i folkehelsearbeidet om å utjamne helseforskjellar. Ved å redusere hindringar for fysisk aktivitet, førebygger vi uhelse (Helse- og omsorgsdepartementet). Turvegen ved Svartvassområdet og Toåa tursti er mykje brukt av folk i alle aldrar. Det gjeld og Kavlvegen Kultursti - eit unikt friluftslivsområde med gruslagde turstiar og kavlvegar av tre som er tilrettelagt for rullestol og barnevogn.

Mange av dei opparbeidde friluftslivsområda i kommunen blir drivne på dugnad av organisasjonar, velforeiningar og eldsjeler. Fleire leike- og møteplassar er laga og oppretthaldne ved hjelp av dugnad, spelemidlar og økonomisk støtte frå kommunen, i form av driftsmidlar og tilskot.

Anlegg for idrett, friluftsliv og eigenorganisert fysisk aktivitet er eit viktig verkemiddel for å legge til rette for fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg og friluftsanlegg er eksempel på anlegg som i hovudsak er bygd for eigenorganisert fysisk aktivitet.

I Surnadal har vi mange anlegg for idrett og fritidsaktivitetar - både i sentrum og i bygdene.

Det å delta i og oppleve kultur- og fritidstilbod har ein verdi i seg sjølv, men det har og ein tilleggsverdi ved at det skaper sosiale nettverk, fellesskap og sosial kapital. Den siste folkehelsemeldinga legg vekt på at frivillige organisasjonar skal skape trivsel og tryggleik for å bidra til å utvikle robuste barn og unge som kan møte morgondagens utfordringar.

[Ungdata 2022](#) for ungdomsskulen gir oss tal på kor mange av ungdommane som deltek i organisasjonar, klubbar eller lag. 64 prosent av elevane på ungdomsskulen seier at dei deltek. Medan tal for landet er 59 prosent. Det er ein oppgang sidan 2020 under åra med pandemi. På mellomtrinnet er 78 prosent med på organiserte fritidsaktivitetar, mens landsnittet ligg like under med 77 prosent. Her pikar litt pila nedover sidan ungdadata i 2020. Det dabbar av seint i tenåra i både Surnadal og på landsbasis, der 44 prosent seier dei er med i organisasjonar, klubbar eller foreiningar.

Hovudmål - slik vil vi ha det

Hovudmål

Hovudmål
Levande tettstader og bygder
Alle skal oppleve livsmeistring
Et lokalsamfunn med god inkludering og rikt mangfald
Gode varierte bomiljø og møteplassar

Levande tettstader og bygder

Byer og tettsteder med et mangfoldig tilbud av arbeidsplasser, kulturtilbud, service og tjenester er viktig for både innbyggere lokalt, pendlere og besøkende. Gjennom planleggingen kan det legges til rette for at arealene i hele kommunen kan utvikles ut fra lokale forutsetninger og behov. Bosetting i små lokalsamfunn, bygder og grender er viktig for at befolkningen der skal kunne ha gode muligheter til å opprettholde sosiale og kulturelle relasjoner, ha nærhet til natur og store friluftsområder, og for god forvaltning av våre rike, fornybare naturressurser for dagens og kommende generasjoner.

Strategiar - slik gjer vi det

Namn på strategien
Vi legg til rette for tilstrekkeleg boligbygging med gode og varierte boligtilbod og bomiljø for alle.
Etablere bomiljø for dei med levekårsutfordringar.
Legge til rette for at eldre som ønskjer det kan bli buande lenger i eigen bolig.
Sikre område med tilgong til uterom og møteplassar som stimulerer til fysisk aktivitet, naturopplevelse og sosialt fellesskap.
Arbeide for trygge skuleveggar og aktivitetsvennlege nærmiljø, med varierte tilbod for leik og opphald for ulike aldersgrupper.
Oppretthalde eit rikt kultur og idrettsliv med fokus på frivillighet
Arbeide systematisk for å sikre eit godt samarbeid med føresette, slik at foreldras hovudansvar for barnets omsorg blir bekrefta, og slik at dei opplever seg inkludert og deltakande i omsorga for barna og i barnas utvikling.
Legge til rett for eit godt psykososialt leike- og læringsmiljø på alle arenaer.
Sikre universell utforming av infrastruktur og bygningar.
Arbeide for auka sysselsetting blant utsatte grupper

4 Grønn og framtidsretta verdiskaping

Framtidas velferd og verdiskaping må utviklast innanfor rammen av sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Regional og kommunal planlegging er viktige verktøy for å legge til rette for grønne næringar og overgangen til ein meir sirkulær økonomi, sikre god infrastruktur og bidra til omstilling i offentleg sektor.



Kor er vi i dag?

Tilgang på kompetanse, arbeidskraft og gode tenester

God tilgang på tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft er ein føresetnad for innovasjon, omstilling og verdiskaping. Både offentleg og privat sektor har i dag utfordringar med å få tak i nok og kompetent arbeidskraft.

Det er viktig å sikre at det er samsvar mellom etterspørsel etter arbeidskraft og tilbod om utdanning og kompetanse på Surnadal vidaregåande skule.

Legge til rette for grønne industrinæringar

Grøn omstilling i næringslivet gjer det mogleg å fornye eksisterande næringar og etablere nye næringar.

Utvikling innan fangst og lagring av karbon, fornybar energi, energigjenvinning, hydrogen, batteri, landtransport, prosessindustri, skog- og trenæring og jordbruk er aktuelle for grøn næringsutvikling.

God infrastruktur som grunnlag for verdiskaping

Tilgang til mobilnett og breiband med høg kapasitet er eit nasjonalt mål, og det er eit viktig rammevilkår for busetting, næringsliv og arbeidsliv.

Surnadal kommune har mange fritidsbygningar, og med eit arbeidsliv meir og meir retta mot fleksible kontorplassar og digitale møte, vil den digitale infrastrukturen ha mykje å seie for arbeidslivet og den enkelte arbeidstakar.

Tilrettelegging for natur- og kulturbasert næringsliv

Natur- og kulturbaserte næringar som landbruk og reiseliv er viktige for verdiskapinga. Produksjonen skal utviklast i ei meir berekraftig retning ved at næringane tek nye grep for å redusere utslepp, omstille i ei meir miljøvennleg retning, bruke lokalprodusert mat, unngå sårbare område og i enda større grad å ta vare på naturmangfaldet.

Landbruket utgjer ein stor del av dei lokale klimautsleppa, og dette er eit område det i dag blir forska mykje på for å utvikle klimareduserande tiltak. Berekraftig forvaltning av skogen har og positive klimagevinstar.

Verdiskaping i ein sirkulær økonomi

Meir sirkulære løysingar og betre ressursutnytting er nødvendig for å få til ei meir berekraftig utvikling. Vi har fleire bedrifter som viser veg i forhold til miljøkrav og nye berekraftige måtar å drive på.

Sirkulærøkonomi er no eit kjent begrep i bedriftene. Kommunen har ei sentral rolle i omstillinga gjennom forvaltninga av eigne areal, infrastruktur og eigedomar, og ved å legge til rette for ombruk av eksisterande bygningar og anlegg og auka materialgjenvinning.

Kommunen kan også påverke forbruket ved å stille klima- og miljøkrav innafor regelverket for offentlege anskaffingar.

Hovudmål - slik vil vi ha det

Hovudmål
God infrastruktur og sirkulær økonomi
God tilgang på kompetanse og arbeidskraft

Strategiar - slik gjer vi det

Namn på strategien
Legge til rette for grønn omstilling, bærekraftig verdiskaping og lønsamme arbeidsplassar.
Legge til rette for mer effektiv og fleksibel energibruk.
Ha tilstrekkelige næringsarealer med minst mulig negative konsekvenser for klima, miljø og samfunn
Utvikle hamner og sjøtransport
Legge til rette for bærekraftig verdiskaping og grønne næringar i tilknytning til jord- og skogbruk og i randsonene til dei store verneområda.
Omlegging til ein meir sirkulær økonomi, med fokus på bevaring, ombruk og oppgradering av eksisterande bebyggelse, anlegg og andre ressurser
Etablere lærlingeplassar og samarbeide med vidaregåande skular
Synleggjere nødvendig og framtidretta kompetanse i bedriftene
Samarbeide med næringsliv, organisasjonar og frivillige for å løyse oppgåver som tidlegare har vore tenestebasert, men som ikkje treng vere det
Optimalisere og sikre digital infrastruktur til alle innbyggjarar

5 Klima, natur og miljø for framtida

FNs klimapanel og Naturpanelet har slått fast at vi har store utfordringar både med å stanse klimaendringane og med å stanse tap av naturmangfaldet, altså planter og dyr. Bruken av naturen påverkar klimaet samtidig som klimaendringane påverkar naturen. Aldri før har menneska påverka jorda så mykje som no, og klimaendringane forsterkar belastninga.




Kor er vi i dag?

Klima

Parisavtalens viktigaste mål er at den globale gjennomsnittstemperaturen ikkje må auke med meir enn 2 grader, og helst ikkje overstige 1,5 grader samanlikna med førindustrielt nivå.

Om temperaturen stig med meir enn 2 grader vil for eksempel havnivåa stige så mykje at millionar menneske vil miste sine heimar og det blir meir ekstremvær som har negative påverknader på dyr og



Havnivåstigning.no viser følgjande kart over oversvømt areal ved 20-års stormflo i 2030.

matproduksjon.

Da Norge inngikk avtalen, forplikta vi oss til å redusere alle klimagassutslepp 50-55 prosent innan 2030 ([Klimaendringar og norsk klimapolitikk.](#))

Arealendringar og nedbygging av natur kan føre til uheldige klimagassutslepp. Nokre naturtypar, slik som myrer og våtmark, lagrar store mengder karbondioksid. Viss desse naturtypane blir utbygd, fører det med seg både eit stort direkteutslepp av CO₂ som er lagra, men også indirekte utslepp av tapt framtidig lagring av CO₂.

Surnadal kommune har innarbeidd eit eige klimabudsjett i økonomisystemet Framsikt.

Naturmangfald

Kommunesektoren er gitt ein sentral rolle for å sikre biologisk mangfald gjennom Naturavtalen, som vart undertekna i Montreal i 2022. Surnadal kommunestyre har i juni 2024 vedteke kommunedelplan for naturmangfald. Kommunedelplanen er viktig for å styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder og for å synleggjere naturmangfaldet som ressurs. [Naturavtalen på norsk](#).

Naturmangfaldet både på land og i vatn er under press og stadig forsvinn artar frå naturen rundt oss. Surnadal kommune har eit variert og rikt biologisk mangfald med fleire trua artar og naturtypar. Arealendringar er den viktigaste årsaka til at artar blir utrydda.

I Surnadal kommune er det registrert 145 artar som er trua eller sårbare. Det er vidare registrert 320 naturtypelokalitetar. Mange av desse er vurdert til å vere viktig og svært viktig. Dette viser den store variasjonen og dei store verdiane som finst i naturen i kommunen.

Etter FNs naturavtale (2022) så skal 30% av all natur på land, hav, innsjøar og elvar vernast innan 2030. Det skal restaurerast 30% av all natur som er delvis øydelagt innan 2030. Naturvern skal vere representativt, det vil seie at områda som blir verna skal dekke alle naturtypar og dei skal henge godt saman. I Surnadal kommune er ein stor del av det verna arealet fjell eller fjellnær.

Surnadal kommune har fire større vassdrag. Elvedelta og strandenger er viktige leveområde for fugle- og planteartar.

Vassressursar

Drikkevasskjeldene i Surnadal kommune er lite påverka av menneskeleg aktivitet. Andre vassførekomstar, både i fersk- og kystvatn, er derimot i større og mindre grad påverka av diverse utslepp og aktivitetar. Surnadal kommune har både regionale og lokale utfordringar knytt til forureining av våre vassførekomstar, noko som kan komme i konflikt med våre brukarinteresser og -behov.

Både innan landbruk, avløp og industri er det mykje å hente på tettare oppfølging og reduksjon av utslepp til resipientane våre.

Surnavassdraget er prioritert i regional vassforvaltingsplan og er ein svært viktig ressurs for kommunen. Vassdraget og fjorden er også nasjonal laksevassdrag og –fjord. Elva går gjennom sentrum i kommunen og er viktig både for næring, identitet og som element i tettstadsutviklinga. Vassforvaltinga er derfor et arbeid som må viast meir merksemd i tida som kjem.

I arbeidet som gjeld revisjon av vasskraftkonsesjonane står arbeidet med å sikre laksen og sjøauren sentralt. Søya Toåa og Bævra er og viktige vassdrag i arbeidet med å ta vare på laksen og sjøauren.

Hovudmål - slik vil vi ha det

Hovudmål
Førebygge klimagassutslepp og sikre mulegheit for karbonopptak
Bevare naturmangfald, friluftslivsinteresser og kulturmiljø

Strategiar - slik gjer vi det

Namn på strategien
Unngå omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer
Redusere klimagassutslipp ved å legge til rette for sykkel- og gangveggar, med knytning til sentrale område.
Kartlegge og sikre naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap
Legge til rette for en bærekraftig utvikling i fjell og utmark.
Bidra til gode miljøforhold i og langs vassforekomster gjennom deltaking i arbeidet med vassområda, gjennomføring av miljøtiltak og god arealforvaltning.
Planlegging av vassforsyning og avløp med overvasshandtering og vurdering av naturbaserte løysingar.
Kommunens ressursar i utmarksareal skal driftast på ein bærekraftig måte. Det betyr bl.a. god skogsforvaltning og tradisjonell beitedrift.
Redusere energibruk og miljøbelastningar frå kommunens bygningsmasse og tekniske anlegg.
Vi skal fremme klima i utbyggingar og anskaffingar vi gjer og handle lokalt der det er muleg.

6 Samfunnsikkerhet og beredskap

Sikre og oversiktlege lokalsamfunn er den viktigaste ramma for at vi alle skal ha ein trygg kvardag. Kommunen skal førebygge kriser og uønskte hendingar gjennom å ivareta beredskapsmessige omsyn i kommunal planlegging, utbygging og drift. Samfunnet er avhengig av at planlegginga sikrar areal for matproduksjon og tilgang til reint og tilstrekkeleg drikkevatt, kraftforsyning og kommunikasjon.



Kor er vi i dag?

Naturhendingar

Naturhendingar har i dei siste tiåra vore sentrale tema i kommunane sine risiko- og sårbarheitsvurderingar. Klimaendringar kan føre til meir ekstremver og fleire naturhendingar. Dette kan

medføre auka påkjenning for kritiske samfunnsfunksjonar som skal ivareta befolkningas og samfunnets grunnleggande behov.

I ROS-analysen er flaum i elvar og bekkar og skred vurdert som dei mest utfordrande naturhendingane. Det blir serleg påpeika at kommunen må bruke dei mulegheitene som ligg i plan- og bygningslova for å styre framtidig utbygging.

Uroleg verden

Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) peikar i sin [rapport for 2024](#) på at land som Kina og Russland ønskjar å endre dagens verdensorden. Det er fare for at framande statar og trusselaktørar sin bruk av informasjonsteknologi kan utvikle seg raskare enn opne demokrati sin evne til å beskytte seg.

Digitalt angrep mot digital infrastruktur, bortfall av elektrisk kraft, svikt/ stans i energiforsyninga og utfall i mobilnettet er hendingar som er vurdert i ROS-analysen. Etter nasjonal sikkerheitsmyndigheit sine vurderingar vil dette vere område som lett kan bli utsett for sabotasje av framande statar og trusselaktørar.

Flyktningar

Tilstrømming av flyktningar er tilføydd som ei ny hending i ROS-analysen. Utfordringar knytt til store flyktningstrømmer vil på kort sikt vere av reint praktisk art, som å skaffe nok senger og husrom. På lengre sikt vil stabiliteten i samfunnet vere avhengig av kor mange som kjem og kva bakgrunn dei kjem i frå. Som vist til i kapittel 3 - Trygge og inkluderande lokalsamfunn, er arbeidet med å inkludere flyktningar sett opp som ein strategi for at alle skal kunne finne meistring i liva sine.

Forsyningsikkerheit og andre aktuelle hendingar

Andre hendingar som er vurdert i ROS-analysen er skogbrann som truar bygningar og anlegg, pandemi, atomhending, storbrann og storulykke med fleire skadde og pågåande livstruande vald. Dette er også hendingar som kan få auka sannsynlegheit for å inntreffe som følge av klimaendringar og ei meir uroleg verd.

Det gjeld og hendinga "Forsyning av mat, medisinar og drivstoff". Reint vatn er livsnødvendig, og dagleg væsketaf bør i stor grad bli dekt av reint drikkevatt. Det er også viktig å sikre godt vatn til næringsmiddelproduksjon og landbruk.

Hovudmål - slik vil vi ha det

Hovudmål
Tilpasse oss klimaendringar og naturfarar
Reint og trygt drikkevatt
Solid infrastruktur og gode rutiner ved bortfall

Strategiar - slik gjer vi det

Namn på strategien
Arealbruk blir planlagt slik at overvatn og fare knytta til flaum, erosjon, skred, havnivåstigning, stormflo og andre naturfarar blir handtert forsvarleg.
Bevaring og restaurering av naturområde, eller etablering av naturbaserte løysingar, blir vurdert for å tilpasse samfunnet til klimaendringane.

Namn på strategien
Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalyser for strategisk infrastruktur
Sikre og bevare drikkevasskjelder.
Oppgradere og modernisere kommunen sine vass- og avløpssystem
Utvikle og synleggjere nødvendige prosedyrer

7 Surnadal kommune skal vere ein open organisasjon og ein attraktiv arbeidsgjevar

Kommunen si rolle er i utvikling. Kommunane må i større grad enn tidlegare involvere innbyggjarane og andre aktørar som ressursar og samarbeidspartnarar gjennom satsing på medborgarskap og samskaping. Dette sett nye krav til medarbeidarar og leiarar i kommunen, både når det gjeld samarbeid internt og eksternt, og i organisering av tenester og arbeid.



Kor er vi idag?

Kvalifisert arbeidskraft

Endringar i befolkningsmansettinga vil redusere tilgangen på arbeidskraft i framtida. Allereie i dag har vi for eksempel utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar, lærarar og reinhaldarar.

Både NAVs bedriftsundersøking for 2024 og regjeringas stortingsmelding 14, [Utsyn over kompetansebehovet i Norge](#), peikar på mangelen på kvalifisert arbeidskraft innafør helsesektoren som særleg stor i dag, og at den vil auke i framtida.

Det å vidareutvikle dei tilsette sin kompetanse blir ein avgjerande faktor framover for å kunne levere gode tenester. Auken i talet eldre og færre personar i arbeidsstyrken vil gjere det nødvendig å utvikle nye måtar å yte tenestene på.

Vi må vere ein attraktiv arbeidsgivar som rekrutterer og beheld kompetente medarbeidarar. Fleire må jobbe lenger og fleire må jobbe meir (heiltidskultur). Det er nødvendig å vidareutvikle og oppdatere kompetanse for å sikre både kontinuitet og kvalitet i tenestene og evne til omstilling.

Leing

Leing i åra som kjem inneber å leie i endring, omstilling og utvikling. Leiarar har eit særleg ansvar for å legge til rette for ein organisasjons- og arbeidskultur som fremmar gode arbeidsprosessar, godt medarbeidarskap og ein synleg kultur for læring, forbetring og innovasjon.

Omdømme

Måten vi utfører arbeidet vårt på og korleis vi kommuniserer med medarbeidarar, innbyggjarar og samarbeidspartar er avgjerande for kommunen sitt omdømme. Vi må legge vekt på å skape ein felles identitet og kultur i organisasjonen og framsnakke arbeidsplassen og kommunen.

Kommunen må vere open for å ta i bruk ny teknologi og kunstig intelligens (KI) har absolutt potensial til å løyse mange av problema kommunen slit med.

Hovudmål - slik vil vi ha det

Hovudmål
God kvalitet på våre tenester i henhold til krav og behov
Surnadal kommune skal vere ein attraktiv og framtidretta arbeidsgjevar
Surnadal kommune skal vere ein open og transparent organisasjon

Strategiar - slik gjer vi det

Namn på strategien
Ta vare på dei ansatte vi allereie har gjennom kompetanseutvikling og heiltidskultur
Synleggjere behov for kompetanse
Styrke nærvær og redusere sjukefråvær
Arbeide for eit kulturelt mangfald
Dei som tek kontakt med kommunen skal oppleve at det er lett og raskt å få svar på både spørsmål og søknadar
Involvering og inkludering gjennom kartlegging og brukarundersøkingar
Vi skal bygge kultur for læring, forbetring og innovasjon.
Utvikle plan for at tilsette skal kunne stå lengre i arbeid
Vi skal arbeide systematisk med openheit, medverking og innsiktsarbeid
Vi skal legge til rette for medverknad i kommunale prosessar og prosjekt
Vi skal arbeide tverrfagleg og tverrsektorielt for å gje gode tenester
Universell utforming og klart språk skal gjelde for alt vi produserer
Vi skal vere langt framme og følge med på utviklinga innanfor teknologi og digitale verkty

8 Surnadal kommune har ein berekraftig økonomi og tenesteproduksjon

Krava til effektivisering og prioritering i offentlig sektor vil auke. Det vil krevje betydeleg omstilling for å sikre ein berekraftig økonomi og samtidig forberede kommunen på framtidige oppgåver.



Kor er vi idag?

Økonomiske rammer

I Perspektivmeldinga som regjeringa la fram i 2021 blir det signalisert at dei økonomiske rammene for offentlig sektor vil bli trongare i åra framover. Svekka produktivitsvekst dei siste tiåra er ei utfordring vi deler med de fleste andre vestlige land. For Norge vil i tillegg petroleumsnæringa få mindre å seie for norsk økonomi framover. Dette vil òg påverke kommunesektoren gjennom forventa lågare skatteinntekter og rammeoverføringar.

Krava til effektivisering og prioritering i offentlig sektor vil derfor auke. Det vil krevje betydeleg omstilling for å sikre ein berekraftig økonomi og samtidig forberede kommunen på framtidige oppgåver. Surnadal kommune skal også vere bevisst vår innkjøpsmakt, og bruke denne til å oppnå gode berekraftige løysingar.

Demografi

Dei nye befolkningsframskrivinger frå SSB lagt fram i juni 2024 viser at Norges befolkning vil vokse med 10 prosent fram mot 2050. Folketallet er forventet å passere 6 millioner like etter 2040. For Surnadal kommune viser prognosane eit innbyggartal på 5 358 i 2050. Sentraliseringen er forventa å fortsette, men blir bremsa av innvandring på kort sikt. Innvandringa til distrikta har bidrege til å oppretthalde befolkninga der og til å oppretthalde befolkninga der og dempa sentraliseringa.

Befolkningsprognosen for Surnadal kommune

Hovudalternativet (MMMM)

	2024	2050
0-17 år	1 135	935
18-49 år	2 027	1 652
50-66 år	1 441	1 171
67-79 år	941	862
80-89 år	349	559
90 år og eldre	60	180

Det blir altså stadig færre barn og unge i skulane. I åra framover er det derfor mykje som tyder på at det blir færre i arbeidsdyktig alder, samtidig som det blir fleire eldre og auka pleie- og omsorgsbehov.

Effektivisering og samhandling

For kommuneøkonomien betyr dette at vi må levere fleire tenester med reduserte økonomiske rammer. Surnadal kommune må derfor halde fram med arbeidet med å effektivisere, auke inntektene og redusere kostnadene, digitalisere og omorganisere.

Innføring av Helseplattformen i 2024 vil gi ei rekke ulike forbedringar for helsetenestene og innbyggjarane i Surnadal. Gevinstane kan komme i form av økonomiske besparelsar, auka effektivitet og/eller kvalitet. Gjennom samhandling i eit felles journalsystem og samordning av tenester i eit Helsehus tar vi viktige steg for å kunne løyse utfordringar på ein kompetent og god måte.

Vi må utnytte mulegheitene for samarbeid med andre kommunar, og vi må styrke kulturen for å lever tenester med hjelp av innbyggjarar og frivilligheit. Nivået på tenestene og kva type tenester kommunen skal tilby sine innbyggjarar vil bli eit sentralt spørsmål i åra framover.

Kommunen må skape seg eit økonomisk handlingsrom, og det betyr at drifta må leggast på eit nivå som sikrar at fond for framtidige investeringar kan byggast opp.

Sjukefråvær

Høgt sjukefråvær er eit stort og kostbart problem for kommunen. Det har vore gjort mykje i dei seinare åra for å få ned fråværet. Under pandemien opplevde vi ein auke i fråværet, og det har etter pandemien halde seg høgt. Det er mykje å hente, både for arbeidet med å gi gode tenester og økonomisk for drifta, om vi fekk redusert fråværet.

Hovudmål - slik vil vi ha det

Hovudmål
God økonomistyring og økonomisk handlingsrom
Berekraftig tenesteproduksjon

Strategiar - slik gjer vi det

Namn på strategien
Sikre gode tenester og effektiv drift gjennom tenestesamarbeid der det er hensiktsmessig
Utnytte digitale verkty og hjelpemiddel for å effektivisere arbeidsprosessar
Vi skal ha tenestetilbod og struktur tilpassa det økonomiske handlingsrommet
Vi skal bruke velferdsteknologi til å auke tryggleik og omsorgskapasitet
Kommunisere tydeleg kommunen sitt tenestetilbod og avklare innbyggjarane sine forventingar til desse
Vi skal sikre økonomisk handleevne ved å styre etter finansielle handlingsreglar
Utarbeide gode styringsdokument

9 Samarbeid for å nå måla


Bærekraftsmål nr. 17 er overordna dei andre, og viser korleis vi saman skal kunne nå dei andre 16 måla: Samarbeid om tiltak og felles finansiering, styrke gjennomføringskapasiteten vår og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling

Samarbeid internt i kommuneorganisasjonen

- Samarbeide på tvers av fagområda med fokus på sluttbrukar

Samarbeid med andre kommuner og offentlige myndigheter

- Regionråd og andre politiske fellesorgan.
- Tenester og forvaltningsoppgaver blir løyst i interkommunale samarbeid.
- Felles digitaliseringsstrategi med kommunar i IKT Orkide.
- Andre forvaltningsorganers tenester lokalt inngår i partnerskap, som vegdrift, tannhelse og vidaregåande skule.



Samarbeid med frivillige

- Samskaping innan helse og omsorg for å gi betre tenester med reduserte ressursar
- Barn og unges oppvekstmiljø er heile lokalsamfunnets ansvar, kommunens tenester inngår i partnerskap med foreldre og frivillige organisasjonar.
- Beredskapsarbeidet for å trygge lokalsamfunna våre er mykje betre når vi legg til rette for samarbeid med dei lokale ressursane.

Samarbeid med næringslivet

Lokale fortrinn blir utvikla for auka verdiskaping og attraktivitet, innanfor som til dømes lokalmatproduksjon og marknadsføring, reiselivsprosjekt og mykje meir.

Plansamarbeid Nordmøre

Kommunane Aure, Averøy, Gjemnes, Kristiansund, Smøla, Sunndal, Surnadal, og Tingvoll deltek i eit plansamarbeid, som er organisert i regi av Nordmøre IPR. Målet er å styrke samfunnsutviklinga på Nordmøre, bygge kompetansemiljø innan planlegging på tvers av kommunane, og at vi skal ha eit auka regionalt fokus i den kommunale planlegginga.

Felles planstrategi er eit ledd i dette arbeidet. Kommunane har samordna seg i arbeidet med planstrategien. Det ble i forrige periode utført eit administrativt arbeid med å peike på felles utviklingstrekk og utfordringar for Nordmøre. I denne perioden samarbeidet kommunane med hjelp av fylkeskommunen i å utarbeide eit felles kunnskapsgrunnlag.

Nordmørsstrategien

Nordmørsstrategien er vedteke (2023) i samtlege kommunestyre på Nordmøre og kjem også med ein handlingsdel som skal reviderast årleg. Meir informasjon er å finne på [Strategi og handlingsplan-Nordmøre IPR \(npr.no\)](https://npr.no).

Målet for nordmørsstrategien er «Eit berekraftig og attraktivt Nordmøre» og viser korleis vi løfter Nordmøre saman:

- Vi styrker felles gjennomslagskraft ved fagleg og politisk samarbeid.
- Vi tar tak i det vi sjølv kan gjere noko med, med tillit til kvarandre.
- Vi skal framsnakke dei som lykkast og heie på dei som tør.
- Vi tenker omdømme i alt vi gjer.



NORDMØRSSTRATEGIEN

Et bærekraftig og attraktivt Nordmøre



Vedtatt i Representantskapsmøtet 16. februar 2024.

NR
NORDMØRE IPR

10 Arealstrategi

Kommunens arealstrategi er ein langsiktig og overordna plan som fastlegg prinsippa for kommunens arealforvaltning dei neste 20-30 år. Den er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Det er kommuneplanens arealdel som fastsett arealbruken med juridisk bindande verknad.

For å nå måla som er satt i kommuneplanens samfunnsdel, FNs bærekraftsmål og nasjonale føringar som [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#), og [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging](#) vil vi i arealforvaltninga bygge opp under følgjande arealstrategiar:

Boligar

Det er viktig med variasjon i boformer, boligtypar, størrelse og pris. Med sterkt veksande eldre befolkning dei to neste tiåra, vil dette også føre til fortsatt stor etterspørsel etter bustader i sentrum. Sjølv om prognosane for totalt innbyggartal er svært usikre, er prognosane for dei eldre aldersgruppene rimeleg sikre. Ny sentrumsplan skal tilretteleggje for fleire boligar i sentrum. Det er inngått intensjonsavtalar i Øyagardslia som sikrar framtidig tomteareal. Der det ligg til rette for det kan det leggest til rette for spreidd boligbygging.

Tilgangen på gode vegar og anna infrastruktur må vurderast grundig når ein legg til rette areal for utbygging. Det er og viktig å legge til rette for at barn og unge blir sikra god bokvalitet og gode oppvekstvilkår. Spesielt for barn og unge er det viktig at mulegheita til å gå, sykle eller ta buss til skule og fritidsaktivitetar er til stades.

Grønn mobilitet

Utvikle kommunen slik at eit kortreist kvardagsliv blir mogleg for dei fleste. Omsynet til mjuke trafikantane skal komme først og aktive transportformer som gåing og sykling skal prioriterast.

Næringsareal

Det er lite tilgjengeleg byggeklart næringsareal. Det er nødvendig å starte arbeidet med å vurdere nye område for næringsareal. Eksisterande område må vere effektiv og godt utnytta før ein planlegg omdisponering av nytt areal. I arbeidet med å vurdere nytt areal må mellom anna naturmangfald, klimaeffekt og dyrka jord takast hensyn til.

Naturmangfald og grønnstruktur

Bevare, sikre og vidareutvikle kommunens grønnstruktur som rekreasjonsområde, for naturmangfoldet og for å bidra til klimatilpassinga. Det er viktig å skape store og små naturprega område i form av parkar, friområde, turdrag, små og nære skogholt og større samanhengande friluftsområde.

Skjerme nasjonalt og regionalt viktige naturverdiar mot omdisponering og utbygging.

Landbruksutvikling og jordvern

Surnadal kommune fører ein framtidretta arealpolitikk, som fremmar matsikkerheit og som ivaretek dyrka og dyrkbar jord som grunnlag for matproduksjon. Surnadal kommune er svært restriktiv når det

gjeld å omdisponere dyrka jord til andre føremål. Før forslag om omdisponering av dyrka jord blir fremma, må alternative løysingar vere utgreidd.

Ved omdisponering av dyrka- og dyrkbar må kompenserande tiltak avklarast. Dyrka jord som er avsett i gjeldande arealdel for framtidig utbygging, og som enno ikkje er regulert, må vurderst tilbakeført til landbruksføremål.

Det må tilrettelaggast for at skogbruk blir drive berekraftig og at skogbruksressursane er tilgjengeleg for drift.

Kulturvern

I «Regional delplan for kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi» er kulturminne av slik verdi i Surnadal kommune lista opp. Kulturminne, kulturmiljø og kulturarv skal vektleggast i arealplanlegginga. Tilrettelegging og forvaltning av kulturarven er viktig for identitetsbygging, kultur, næringsutvikling og reiseliv. Eit viktig kunnskapsgrunnlag er regional delplan for kulturminne og den [kommunale kulturmiljøplanen](#)

Natur og friluftsliv

Kommunen skal legge til rette for eit friluftsliv som fremmar folkehelsa. Turstiar, turvegar, friluftsområde, badeplassar med meir skal tilretteleggast, gjerne i samarbeid med idrettslag, velforeiningar og andre. Det skal vere tilgjengelege friluftsområde for brukargrupper med ulike behov. Det bør sikrast lett tilgang til nærtuområde fra alle større boligområde i kommunen.